



2.-4. MAI 2013

SUNNMØRE KAMMERMUSIKKFESTIVAL



SUNNMØRE KAMMERMUSIKKFESTIVAL **04**

SEMINAR OG MEISTERKLASSAR **06**

KONSERTAR **08**

ARTISTAR **14**

SUNNMØRE KAMMERMUSIKKFESTIVAL

Initiativtakaren til Sunnmøre Kammermusikkfestival er Jacob Kjøde jr. Dei kunstnarleg ansvarlege for festivalen er professor Wolfgang Plagge og fiolinisten Annar Follesø, båe musikarar på internasjonalt toppnivå. Våren 2010 var første gongen festivalen gjekk av stabelen, og for 2013 mottok festivalen festivalstøtte frå Norsk Kulturråd.

EIN FESTIVAL FOR ALLE

Plagge og Follesø vil kvart år ha ansvaret for å plukke programmet og musikarane som skal opptre for å sikre kvaliteten på festivalen. I eit nært samarbeid med Høgskulen i Volda er føremålet å arrangere ein årleg kammermusikkfestival på søre Sunnmøre, der folk i området kan få eit tilbod om gode musikkopplevingar på høgt nivå. I tillegg til dette ønskjer festivalen å stimulere unge musikarar, samt til generell vekst og utvikling i

musikklivet i regionen. På den måten skil Sunnmøre Kammermusikkfestival seg frå andre kammermusikkfestivalar. Gjennom Eiksundsambandet kan dei ulike kulturskulane og andre lokale musikkrefter knyte regionen saman. Dette ynskjer festivalen å bidra til gjennom eit samarbeid med kulturskulane i form av seminar og meisterklasser retta mot born og unge. Artistane som er med under festivalen vil undervise lokale talent. Det vil også bli halde

foredrag om kunst og musikk for både yngre og eldre

FEM KONSERTAR PÅ SØRE SUNNMØRE

Festivalen går over tre dagar. I desse dagane skal det haldast fem konsertar i Volda, Ørsta, Ulstein og Herøy. Konsertane vil bli haldne på Høgskulen i Volda, i Ørsta kyrkje, Volda kyrkje, «Fredheim» i Ulsteinvik og i Herøy frikyrkje. Festivalen vil bli avslutta med ein stor konsert i Volda kyrkje.



MEISTERKLASSAR OG TALENSTIPEND

Sunnmøre Kammermusikkfestival 2013 vil vidareføre tilbodet om meisterklasse til vidarekomne kulturskuleelevar og studentar.

Dei som ønskjer å vere med i meisterklasse melder seg på for å arbeide med musikk dei har førebudd spesielt godt. For å sikre at eleven får utbytte av å delta tilrår ein at instrumentallæraren er med i val av musikkstykke og følgjer eleven under meisterklassen. I meisterklassen vil alle elevane/ studentane oppleve å vere aktive når «meisteren» demonstrerer, rettleier og underviser ein etter ein. Artistane tilbyr også meisterklassar på andre instrument enn sine respektive.

Festivalen vil så langt det er mogleg stille med akkompagnement for dei som har behov for det. Følg med på veven for annonsering av tid og stad for meisterklassane

SPAREBANK 1 SØRE SUNNMØRES TALENSTIPEND

I samarbeid med Sparebank 1 Søre Sunnmøre ynskjer Sunnmøre Kammermusikkfestival å gi ein ekstra stimulans til unge utøvarar innanfor den klassiske musikkgenren. Derfor vil ein kvart

år dele ut eit talentstipend til ein ungt talent som kan ha nytte godt av dette. Talentstipendet er gjeve av Sparebank 1 Søre Sunnmøre og er på NOK 25.000,-. Kulturskulane på søre Sunnmøre plukkar ut fire kandidatar i aldersgruppen 13-19 år som deltek med eit eige innslag på dei fire konsertane i Volda, Ulstein, Ørsta og Herøy. Vinnaren vert kåra av ein jury beståande av festivalartistane. Vinnaren vil bli annonsert og få tildelt stipendet på festivalen sin avslutningskonsert.

«PLAG PLAGGE!» OG «HVEM POKKER HAR SAGT AT DET SKAL VÆRE LETT?»

Wolfgang Plagge, komponist, pianist og TV-/radio-fjes frå mellom anna «Kort og klassisk» og «Landeplage» er ein av dei kunstnariske leiarane på Sunnmøre Kammermusikkfestival.

Under årets festival inviterer vi elevar frå Volda ungdomsskule til å «plage Plagge» i ein times tid med moglege og umoglege spørsmål om musikk. Under denne vesle stunda vil elevane få sjansen til å gå i dialog med eit av dei mest spennande musikkhovuda i landet om alt som har med musikk å gjere, og kanskje få lære noko nytt?

Tysdag 30. april kl. 10.15 på Volda ungdomsskule

HVEM POKKER HAR SAGT AT DET SKAL VÆRE LETT

Klassiskutøvarar må lære av pop-konsertar, siterte NRK.no den britiske forskeren John Sloboda i oktober. Hvorfor, spør musiker Nora Taksdal. Hvorfor skal den klassiske musikken stadig bli forsøkt presset inn i andres uttrykksform? Det forventes ikke av noen annen kunstretning.

Nora Taksdal (f. 1968) er solobratsjist i Kringkastingsorkestret (KORK), kammermusikar og ein av årets

artistar på Sunnmøre Kammermusikkfestival. Ho var med på å etablere Vertavo-kvartetten og har vore solobratsjist både i Harmonien i Bergen og i Oslo-Filharmonien under Mariss Jansons. Ho er med i den kunstnariske leiinga for Gløppen Musikkfest og har skrivne i blada Resonans, MusikkKultur og Listen to Norway. Taksdal har hyppige innslag om klassisk musikk i NRK P2.

Torsdag 30. april kl. 13.15 i vesle auditorium, Berte Kanutte.

«TIT FOR TAT» – OPNINGSKONSERT

TORSDAG 2. MAI | KL. 18.00 | AUDITORIUM BC, HØGSKULEN I VOLDA

Kammermusikkfestivalen 2013 opnar med eit fyrverkeri for to klaver – Darius Milhaud sin «Scaramouche». Under første verdskrig verka Milhaud ein periode som diplomat i Brasil, og dette verket er eit av dei beste døma på korleis han let musikken sin bli farga av brasiliansk folkemusikk. Benjamin Britten skreiv dei fem songane i syklusen «Tit for tat» allereie medan han var mellom 14 og 17 år gammal (til tekstar av favorittdiktaren Walter de la Mare), men det var fyrst i 1968 han samla dei under denne tittelen. Mendelssohns fyrste klavertrio er eit av

kammermusikkitteraturen sine mest populære verk, og det er lett å forstå kvifor: Her har vi både smektande melodiar og perlande virtuositet i rikt monn. Konserten vert avslutta med eit verk frå Mozarts seinare periode, den staselege strykekvintetten i C-dur.

Talentstipendkandidat nr. 1
Louise Engeseth
Volda kulturskule
Marcel Poot (1901-1988)
Sicilienne for fløyte og piano

**Darius Milhaud (1892-1974),
Scaramouche, Suite for 2 piano,
op. 165b** | Plagge, Grøvlen
**Benjamin Britten (1913-1976),
Tit for Tat** | Weisser, Plagge

**Felix Mendelssohn (1809-1847),
Klavertrio nr. 1 i d-moll,
op. 49** | Grøvlen, Follesø, Pierlot

**Wolfgang Amadeus Mozart
(1756-1791), Strykekvintett nr. 3
i C-dur, K. 515** | Mitchell, Follesø,
Taksdal, Gotlibovich, Emanuilova

SLAVISK SEKSTETT

FREDAG 3. MAI | KL. 18.00 | FREDHEIM, ULSTEINVIK

Schuberts tre marsjar for firhendig klaver vart skrivne medan han var engasjert som musikk lærar hjå Esterházy-familien i 1818, og spesielt den fyrste har heilt sidan utgjevinga vore ein av hans mest populære komposisjonar. Britten skreiv «Lachrymae. Reflections on a Song of Dowland» for den britiske stjernebratsjisten William Primrose i høve Alderburgh-festivalen i 1950. Verket består av ti korte variasjonar over John Dowland (1563–1626) sin song «If My Complaint Could Passions Move», der temaet fyrst vert avdekt mot slutten av stykket. Som avslutning på konserten kan publikum sjå fram til ein skikkeleg

Dvorak-lekkerbisen: sekstetten for strykarar, eit verk fullt av melodisk venleik, virtuositet og slavisk melankoli.

Talentstipendkandidat nr. 2

Oline Sæverud Aksnes

Ulstein kulturskule

Franz Schubert (1797-1828)

Seligheit

Franz Schubert (1797-1828), Tre militærmarsjer, D. 733 | Grøvlen, Plagge

Benjamin Britten (1913-1976), Lachrymae for bratsj og piano, op. 48 | Gotlibovich, Plagge

Antonin Dvorak (1841-1904), Stryke-sekstett i A-dur, op. 48 | Follesø, Mitchell, Gotlibovich, Taksdal, Emanuilova, Pierlot

POESI OG KJÆRLEIK

FREDAG 3. MAI | KL. 21.00 | ØRSTA KYRKJE

Eit av dei mest fascinerande «trekantforholda» i musikkhistoria dannar ramma om denne konserten. Robert Schumann vart tidleg merksam på den unge Johannes Brahms sitt geni, og dei vart nære vener. Etter at Robert døydde i 1856, heldt Brahms og Schumanns enkje, Clara, fram med å vere nære vener. Forholdet vart aldri noko meir enn platonisk, men særleg Brahms sine kjensler for Clara har vore intenst studert og blitt sett på som ein katalysator i den kreative prosessen hans. Sentralt i kveldens program står eit av høgdepunkta i den tyske romantiske Lied-tradisjonen,

Robert Schumanns songsyklus «Dichterliebe». Clara Schumann har som komponist fått stadig aukande vørndnad dei seinare tiåra, og publikum kan glede seg til høyre klavervariasjonane ho skreiv over eit tema av ektemannen. Johannes Brahms sin nydelege strykekvintett nr. 1, i den «pastorale» tonearten F-dur, kronar denne konsertkvelden.

Talentstipendkandidat nr. 3
Olav Telseth
Volda vidaregåande skule
Frédéric Chopin (1810-1849)
Étude op. 10, nr. 12 -
«Revolusjonsetyden»

Clara Schumann (1819-1896)
Variasjoner over et tema av Robert Schumann, op. 20 | Grøvlen

Robert Schumann (1810-1856)
Dichterliebe, op. 48 | Weisser, Grøvlen

Johannes Brahms (1833-1897)
Strykekvintett nr. 1 i F-dur, op. 88 | Mitchell, Follesø, Gotlibovich, Taksdal, Pierlot

ROMANTISK OG MODERNE

LAURDAG 4. MAI | KL. 13.00 | HERØY FRIKYRKJE

Friedrich Rückert skreiv i 1833–34 heile 428 «Kindertotenlieder», personlege dikt som for han var ein måte å arbeide seg gjennom sorga over å ha mist eigne barn som døydde av skarlagensfeber. Tekstane er skakande og smertefulle, men har også rom for forsoning og von. Gustav Mahler komponerte mellom 1901 og 1905 songar over fem av dikta, som perfekt uttrykkjer djupna og spennet i tekstane. Alfred Janson sin strykekvartett frå 1978 vert ofte trekt fram som eit av dei finaste kammermusikkverka innanfor norsk etterkrigsmodernisme, eit verk som aldri misser det

musikantiske av syne. Inspirert av mentoren Robert Schumann sin meisterlege klaverkvintett (framført hjå oss under den fyrste festivalen i 2010), skapte den unge Brahms i 1864–65 eit verk av same kaliber. Kvintett i f-moll blir ei verdig avslutning på kammermusikkprogrammet under årets festival.

Talentstipendkandidat nr. 4
Torine Kopperstad og Sara Andrine Vestavik, Herøy kulturskule
Dmitrij Sjostakovitsj (1906-1975)
Preludium frå Fem stykke for to fiolar og piano. (arr. Levon Atovmyan)

**Gustav Mahler (1860-1911),
Kindertotenlieder** | Weisser, Plagge

**Alfred Janson (1937-)
Strykekvartett** | Mitchell, Follesø,
Gotlibovich, Emanuilova

**Johannes Brahms (1833-1897),
Klaverkvintett i f-moll, op. 34** | Plagge,
Follesø, Mitchell, Taksdal, Pierlot

MESSE I STRIDSTID – AVSLUTNINGSKONSERT

LAURDAG 4. MAI | KL. 19.00 | VOLDA KYRKJE

Den estiske komponisten Arvo Pärt er kanskje den mest kjende eksponenten for retninga som populært vert kalla «heilag minimalisme». Gjennom repeterte figurar som vert vovne inn i kvarandre, skaper han ei meditativ, sakral stemning.

Kveldens verk, dedikert til minnet om Benjamin Britten, blir bygd opp av ein fallande og stadig ekspanderande a-moll-skala, og utviklar seg gradvis dynamisk frå eit skimrande pianissimo til eit dundrande fortissimo på slutten av stykket. «Fire salmer» er Edvard Griegs siste komposisjon.

I dette verket utviklar han vidare den djerve harmonikken som kjenneteiknar fleire av dei seinare komposisjonane hans, til dømes «Slåtter», opus 72. Samtidig behandlar han dei gamle salmemelodiane med stor innleving og pietetskjensle. Joseph Haydn skreiv sin «Missa in tempore belli» («Messe i stridstid») i 1796. Krigen i kjølvatnet av den franske revolusjonen gjekk på denne tida stadig dårlegare for austerrikarane, og dei frykta ein fransk invasjon. Komposisjonen har ofte blitt tillagt ein skjult antikrigsbodskap, mykje på grunn av parti som er meir rastlause og uavklarte

enn det ein ofte finn hjå Haydn. Grunnstemninga i verket er likevel framfor alt lys og fredfull.

**Arvo Pärt (1935-),
Cantus in Memoriam Benjamin
Britten** | Prosjektorkester m/
festivalartistar, Skalstad

**Edvard Grieg (1843-1907)
Fire salmer, op. 74** | Prosjektkor,
Weisser, Skalstad

**Franz Joseph Haydn (1732-1809)
Missa in tempore belli, nr. 10 i C-dur
(Paukemesse)** | Prosjektkor og
-orkester m/festivalartistar, Weisser,
Skalstad



ANTOANETA EMANUILOVA

Antoaneta Emanuilova er fødd i Sofia, men flytta med familien til Tyskland som femåring. Ho byrja då å spele piano, men bytta over til cello då ho var 10 år gamal.



I åra som følgde vann ho ikkje mindre enn tre fyrsteprisar i den prestisjefylte konkurransen Jugend

Musiziert, og seinare vann ho fyrstepris i Domenico Gabrielli-konkurransen og Grand Prix ved festivalen Musik und Erde. Ani er ein mykje brukt solist og kammermusikar, og frå 2013 er ho medlem av Oberon-trioen. Ho er også medlem av Mahler Chamber Orchestra.

ANNAR FOLLESØ

Annar Føllesø var i sin barndom elev ved den kommunal musikkskulen i Volda, før han flytta til Oslo og heldt fram ved Barrat Due Musikk institutt. Han studerte sidan i fire år ved Indiana University i USA. Han blei i 1999 den fyrste norske fiolinsolist til å opptre ved festspela i Salzburg, då han vann fiolinprisen ved det internasjonale sommarakademiet. Føllesø vert rekna blant våre

fremste fiolinistar, har gjennom turnear og plateinnspelningar fått glimrande kritikkar i inn- og utland.



I fjor gav han som solist med Kringkastingsorkesteret ut fyrstegongsinnspelningar av Ole Bulls fiolinkonsertar, ei plate som fekk strålende kritikkar og blei kåra til «Record of the Year» av det britiske Grieg-selskapet. www.annar.no.

YUVAL GOTLIBOVICH

Yuval Gotlibovich er fødd i Israel. Han vann ein rekkje nasjonale og internasjonale prisar før han i 2004 vann fyrste pris i verdas kanskje viktigaste konkurranse for bratsjistar, Lionel Tertis Competition på Isle of Man.



Han er i dag svært etterspurd, både som solist og som kammermusikar på festivalar verda over. Han gir også meisterklassar i fleire land. I åra 2004-2008 var han yngste professor ved Indiana University i Bloomington, USA, medan han no deler sine faste undervisningsaktivitetar mellom eit assisterande professorar ved Escuela Superior de Musica Reina Sofia i Madrid, og ei professorstilling ved Conservatorio Svizzera Italiana i Lugano.

CHRISTIAN HUNDSNES GRØVLEN

Christian Hundsnes Grøvlen blei som 13-åring teken opp i talentklassen Unge Musikere ved Griegakademiet i heimbyen Bergen, som yngste elev nokosinne. Han studerer no ved Norges Musikkhøgskole under professor

Håvard Gimse og arbeider parallelt med professor Jiri Hlinka.



Som tenåring vann han fleire fyrsteprisar i konkurransar både i Noreg og USA, og han har gjesta fleire festivalar, blant andre Festspillene i Bergen og Nordlysfestivalen i Tromsø. I 2009 var han solist med Bergen Filharmoniske Orkester ved opningskonserten til festivalen Hardingtonar.

PRIYA MITCHELL

Priya Mitchell er ein av Storbritannia sine fremste yngre musikarar. Ho har vore solist med orkester som BBC Philharmonic, BBC Symphony, Philharmonia, Royal Philharmonic, Moskva Filharmoniske Orkester og Australian Chamber Orchestra, og har samarbeidd med fleire av vår tids store dirigentar.



Ho er også ein ivrig kammermusikar, og har gjeve recitals i salar som Wigmore Hall i London, Concertgebouw i Amsterdam, Salle Pleyel i Paris og Palais des Beaux-Arts i Brussel. Ho har gjeste festivalar som blant andre Lockenhaus, Schleswig-Holstein, Risør, Kuhmo og Lugano, og er sjølv kunstnarisk leiar for kammermusikkfestivalen i sin fødeby Oxford.

ANTOINE PIERLOT

Antoine Pierlot er ein av Frankrikes mest spennande yngre cellistar. Han blei uteksaminert fra Paris-konservatoriet i 2004 med 1. pris, summa cum laude, samt 1. pris i kammermusikk. Same år vann han 1. pris ved Festival d'Automne des Jeunes Interprètes, og fekk i kjølvatnet av dette

solistengasjement med fleire av sitt lands leiande orkester. Som solist og kammermusikar har han medverka ved ein rekkje festivalar, og turnert i fleire land i Europa og Asia, samt i Canada.



Som medlem av ensemblet Contraste er han også oppteken av å utforske andre genrar enn dei strengt kunstmusikalske, som f.eks. tango og musikalsk komedie.

WOLFGANG PLAGGE

har heilt sidan sin sensasjonelle debut som 12-åring i 1972 høyrd til toppsjiktet blant norske pianistar og komponistar, og har vunne fleire internasjonale prisar og utmerkingar.



Verka hans vert framførte av orkester, solistar og ensemble over heile verda.

Plagge er ein populær føredrags-haldar, og hans breie kunnskap og uhøgtidelege stil har gjort han til ein gjengangar i radio og tv, blant anna i serien «Landeplage» på NRK.

www.plagge.no

PER KRISTIAN SKALSTAD

Per Kristian Skalstad er utdanna fiolinist frå Norges Musikkhøgskole, og var i ein årrekke medlem av den suksessrike Oslo Strykekvartett, som han var med på å stifte i 1991. Han var alternierende konsertmeister i Den Norske Opera i åra 1993 til 2005, og er framleis medlem av Det Norske Kammerorkester.



Han tok diplom i direksjon ved NMH i 2002, og har etter den tid gjort rask karriere som dirigent. Han har dirigert alle dei profesjonelle norske symfoniorkestra, og er ein hyppig nytta gjestedirigent ved Den Norske Opera og Ballett.

NORA TAKSDAL

Nora Taksdal er ein av Noregs fremste utøvarar på sitt instrument, aktiv både som solist, kammer- og orkestermusikar. Ho var med å stifte Vertavo-kvartetten i 1984, ein kvartett ho var medlem av i ti år.



Ho har gjestat viktige festivalar i inn- og utland og har ei musikalsk nysgjerrigheit som har ført ho til også andre musikkformer enn kunstmusikken, blant anna til improvisasjonar saman med jazzmusikarane Bugge Wesseltoft og Arild Andersen. Nora har vore solobratsjist i dei filharmoniske orkestra i Bergen og Oslo, og sidan 2006 har ho hatt same stilling i Kringkastingsorkesteret.

JOHANNES WEISSER

Johannes Weisser er ein av vårt lands fremste yngre songarar med ein internasjonal karriere innan både opera-, oratorie- og romansegenren. Han har gjestat leiande internasjonale operahus og festivalar som til dømes Komische Oper Berlin, Theater an der Wien og Théâtre des Champs-Élysées, samt

festspela i Salzburg og i Edinburgh. Han har også medverka ved ein rekkje plateinnspelningar, mellom anna i ein kritikarrost tittelrolle i Mozart «Don Giovanni», eit samarbeid med dirigenten René Jacobs og Freiburg barokkorkester.



STYRET FOR SUNNMØRE KAMMERMUSIKKFESTIVAL

Martin Andreas Foldal, styreleiar

Arild Grimstad

James Michael Dudek

Aud Folkestad

Robert Skeide

KUNSTNARLEG ANSVARLEGE

Annar Follesø

Wolfgang Plagge

DAGLEG LEIAR

Øyvind Johan Eiksund

leiar@kammermusikkfestival.no

PR/INFORMASJONANSVARLEGE

Per Arne Brandal

Steffen Djupvik Brandtzæg

Høgskulen i Volda

WWW.KAMMERMUSIKKFESTIVAL.NO

BILLETTAR TIL KONSERTANE • OPPDATERT PROGRAM • SISTE NYTT



sponsorar

NORSK KULTURRÅD

HØGSKULEN I VOLDA | SPAREBANK1 SØRE SUNNMØRE

VOLDA KOMMUNE

TUSSA | MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

ISLAND OFFSHORE

KLEVEN VERFT

HERØY KOMMUNE | HAVILA HOLDING | ULSTEIN GROUP